

Osterøy kommune  
Rådhuset  
5282 LONEVÅG

**Vår dato:** 22.12.2022  
**Vår ref.:** 202221856-3 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 22/3288 - 22/29018

**Sakshandsamar:** Margit Sandem  
Fjellengen, masf@nve.no

## **NVE sin uttale - Høyring - Dispensasjonssøknad – Gnr. 54 bnr. 25 Nedste-Mjelda - Oppføring av bustadbrakker - Osterøy kommune**

Vi viser til brev datert 05.12.2022 med høyring av dispensasjonssøknad. Det søker om dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av bustadbrakker i næringsareal.

### **Om NVE**

NVE er mynde for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til tryggleik mot flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, samt anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE skal hjelpe kommunane med å forebygge skader fra naturfarar og overvatn ved å bygge opp og legge til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag, og gi rettleiing.

### **NVE si konkrete uttale**

#### *Fare for kvikkleireskred må avklarast*

Tiltaket ligg under marin grense. I område med løsmasser under marin grense kan ein ikkje utelukka førekomstar av kvikkleire. Vi rår dykk til å nytte prosedyren kapittel 3.2. i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.

#### *Skredfare må avklarast*

Føreslått plassering av bustadbrakkene ligg i aktseområde for snøskred, jf. [NVE atlas](#). Skredfaren bør avklarast med tilstrekkeleg fagleg kompetanse, i tråd med krava i TEK17 § 7-3. Vi rår dykk til å utføre ein vurdering av den reelle faren for skred i samsvar med våre retningslinjer [«Flaum- og skredfare i arealplanar»](#). For skred i bratt terreng viser vi og til NVE sin [«Rettleiar for utredning av tryggleik mot skred i bratt terreng»](#).

Dersom det er reell fare rår vi sterkt til at gjeldande plan oppdaterast, da det må definerast faresonegrenser i området i samsvar med tryggleiksklassane i Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.



**NVE rår ifrå at det blir gitt dispensasjon viss det ikkje kan dokumenterast at krava til sikker byggegrunn i Tek17 § 7-3 er oppfylt for dei planlagde bustadbrakkene.**

## **NVE si generelle rettleiing**

### Om dispensasjon

Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, kan kommunen «*gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov*». Det kan ikkje gjevast dispensasjon dersom «*hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt*». De må vurdere konkret om vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er stetta, og om fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

### Sikker byggegrunn ved bygge- og deletiltak

Kommunen må ikkje gi godkjenning til utbygging i fareområde, utan at tryggleiken er teken i vare. Dersom tiltaket kan være utsett for naturfare, som flaum og skred, skal kommunen sjå til at tiltakshavar dokumenterer at krava i pbl. § 28-1 og byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7, er stetta. Krav til tryggleik gjeld ved alle typar byggearbeid og deling jf. temarettleiringa frå Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) om [utbygging i fareområde](#) kap. 2.7-2.9.

Å dispensere frå kravet til sikker byggegrunn i pbl. § 28-1 vil kunne auke faren for tap av/skade på menneskeliv eller skade på eigedom, noko som vil kunne innebere at omsynet bak føresegna blir sett til side, og at dispensasjon dermed ikkje kan gjevast. Dette er presisert i kap. 3.5 i rundskriv H-5/18. [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD, no KDD).

### **Tiltak som ligg nær vassdrag**

For tiltak nær vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er teke i vare. Det gjeld ei generell aktsemplsplikt for tiltak i vassdrag ([vassressurslova](#) § 5), som inneberer at ein kvar skal opptre med aktsemd for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova § 11).

Kommunen må også sjekke om vassdraget er verna. [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag](#) gjeld hovudelv, sideelver, større bekker, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidde på sidene av desse. Tiltaket må ikkje komme i konflikt med vernegrunnlag og verneverdiar for området, sjå [NVE sine nettsider for informasjon om vernegrunnlaget](#).



## Korleis ta omsyn til naturfare, vassdrag og anlegg for energi

Vi viser til vår [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#), som også er relevant ved dispensasjon. Den vil leie dykk gjennom våre fagområde, og gi dykk verktøy og innspel for å ta i vare desse.

Sjå våre [internetsider for arealplanlegging](#) for ytterlegare informasjon om våre fagområde. Her er informasjonen og rettleiingen delt inn etter plannivå og bygge- og dispensasjonssak.

De kan ta kontakt med NVE dersom de treng konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen  
Førstekonsulent

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

Osterøy kommune

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND